# Meland kommune

Tysseland Arkitektur AS
Magnar Tysseland
Valkendorfsgaten 9
5012 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Lillian Straumøy Brakstad | 04.08.2017 |
| Vår: 16/3002 - 17/15485 | lillian.s.brakstad@meland.kommune.no | |

# Godkjenning - løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg og igangsettingsløyve for heile tiltaket, hus 06 - felt B24 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/166, 173.

**Administrativt vedtak. Saknr: 214/2017**

**Tiltakshavar**: Mjåtveitmarka B16 AS
**Ansvarleg søkjar:** Tysseland Arkitektur AS
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 - 1 , jf. § 21 - 2, 5. ledd

**Saksutgreiing:**
Tiltak:
Tysseland Arkitektur AS, har på vegne av tiltakshavar, Mjåtveitmarka B16 AS, søkt om igangsettingsløyve (IG) for heile tiltaket ved oppføring av hus 06 med fire bueiningar i felt B24 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/166, 173.
Det er også søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg for hus 06.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 21/2017.

**Vurdering:**
Nabovarsling:
Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov - og plangrunnlag
Tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget. Det blir vist til rammeløyvet for nærare opplysningar om dette.
Rammeløyve er gjeve på m.a. følgjande vilkår:
*1) Før det blir gitt igangsettingsløyve må det liggje føre godkjend søknad om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.*

Det er søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg i søknad journalført 02.08.2017.
Meland kommune godkjenner at hus 06 i felt B24 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/166, 173 vert tilkopla kommunalt VA-anlegg, jf. pbl §§ 27-1 og 27-2 i samsvar med søknad med vedlegg frå Tysseland Arkitektur AS.
På bakgrunn av dette finn administrasjonen at vilkår i rammeløyvet er oppfylt.

**Vedtak**
«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for heile tiltaket – oppføring av hus 06 med fire bueiningar i felt B24 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/166 og 173, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 30.06.2017.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så framt det ikkje er gitt unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt gjennomføringsplan motteke 30.06.2017 og innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.

Tilknytning VA-anlegg:
Meland kommune godkjenner at hus 06 med fire bueiningar på eigedomen gbnr 22/166,173 vert tilknytta kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad journalført 02.08.2017 på følgjande vilkår:

- Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» - kommuneforlaget.
- Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- + mva og for avlaup kr 20 000,- per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23 - 3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova.»

Gebyr
Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Lillian Straumøy Brakstad<br>konsulent |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
IG hus 06

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Mjåtveitmarka B16 AS | c/o Tysseland arkitektur AS Valkendorfsgaten 9 | 5012 | BERGEN |

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tysseland Arkitektur AS | Magnar Tysseland | 5012 | BERGEN |